



Bolig & Eiendom As  
Stølen 26  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3966 - 17/1291

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
16.01.2017

## Svar på søknad - felles avkjørsle for 2 tomannsbustader - gbnr 123/146 og gbnr 123/145, Risa

Teknisk drift syner til søknad om felles avkjørsle for 2 tomannsbustader – gbnr 123/145 og gbnr 123/146 – motteke 28.12.2016 og 29.12.2016.

### Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av felles avkjørsle frå kommunal veg for 2 tomannsbustader – gbnr 123/145 og gbnr 123/146 - på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «almennelike regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Krav til sikt vil òg gjelde mot regulert leikeareal.
- Svingradius i avkjørsle skal være minimum 4,0 meter.
- På dei to første metrane skal avkjørsle ha eit fall frå kommunal veg på 5 cm, på dei neste metrane skal avkjørsle ha ei maks stigning/fall på 1:8. Under avkjørsle skal det leggjast ned dreneringsrør med ei indre diameter på minimum 200mm. Dreneringsrøret skal leggjast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret og til veggrøft.
- Langs kommunal veg skal det være opparbeida grøft. Grøft skal ha ei bredde på minimum 1,0 meter. Grøftearealet skal være opparbeida iht gjeldande regelverk.



- Av innsendte teikningar ser vi at tomt skal planerast i nivå under kommunalt vegnivå på austsida av tomte og terreng skal hevast på vestsida slik at fyllingsfot kjem nærare kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avløp). Begge disse tiltaka utløyser krav om dispensasjon frå byggegrense mot veg og avstandskrav til kommunalt leidningsnett. Teknisk drift vil ta stilling til dette når slike søknader ligg føre.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på [www.lovdato.no](http://www.lovdato.no) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)

### **Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

### **Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Situasjonsplan avkjørsle - gbnr 123-146(L)(224064)

### **Kopi til:**

Lindås kommune ved byggesak  
Lindås kommune ved fagsjef veg

### **Mottakarar:**

Bolig & Eiendom As

Stølen 26

5911

ALVERSUND